

Referat frå elevrådsmøte 27.11.2025

Desse møtte: Frida og Joris frå 2.årssteg, Mathias og Tuva frå 3. årssteg, Lotte og Oskar frå 4.årssteg, Malin og Maylinn frå 5.årssteg, Matas og Anders frå 6.årssteg, Liam og Eiril frå 7.årssteg, rektor Linda.

Leiar og referent: Linda Selheim

Pynting av fellesareal til jul

Elevane møtte utanfor resepsjonen. Vi henta julepynt på fjernlageret og pynta amfi, administrasjonsfløy og kontor til jul. Årsstega pyntar sine eigne læringsareal.

Bemanning av hjelpesona/hjartesona i storefri

Elevrådsrepresentantane på mellomsteget ynskjer å bemanne hjelpesona i storefri måndagar, tysdagar og onsdagar etter nyttår. Vi ser over arbeidsoppgåver i neste møte som er rett over nyttår.

Elevrådet si rolle under vinterkonserten

Elevrådsrepresentantane på mellomsteget ynskjer velkomen og takkar for seg, på vegne av heile skulen. Rektor skriv nokre linjer som elevane kan nytte som manus.

Saker og førebuing til neste møte:

- **Vi ser på resultata etter Elevundersøkinga og vel ut område som elevane skal jobbe vidare med**
- **Vi bestemmer oppstart og arbeidsoppgåver i samband med bemanning av hjelpesona**
- **Vi evaluerer vinterkonserten og engelskveka**
- **Vi førebur saker til møte i SU og SMU**